

Sakspapir

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|--------|---------------|------|------------|
| 005/23 | Formannskapet | PS | 02.02.2023 |

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---------------|--------|------------|
| Ketil Tjore | FE-033 | 23/39 |

Orienteringssak

Framlegg til vedtak:

Det har kome fleire klagar på vintervedlikehaldet på kommunale vegar. Formannskapet ber om at kommunedirektøren kjem med ei orientering om dette i formannskapet 23. februar.

Formannskapet ber kommunedirektøren snarast leggja fram ei sak for kommunestyret om bustadsituasjonen i kommunen. Målet må vera å få etablert fleire eigna bustadar i kommunen.

Formannskapet - 005/23 - 02.02.2023

FS - behandling:

Prosjektleiar Rolf Henning Myrmel orienterte om status for ulike prosjekt:

Nordlihøgda omsorgsbustader:

- Heldt på med anbod på veg vatn og kloakk fram til tomta, og planering. Dette ligg innanfor beløpsgrensa for at kommunen skal kunna gå direkte til inntil tre entreprenørar.
- Har sett ned ei gruppe for å gå igjennom detaljar for sjølve bygningane. Teikningar er godkjende, men står att detaljar for interiør, fargeval, kvalitetar (til dømes om det skal vera stål eller meir husleg). Dette er vurderingar som denne gruppa skal gje.

Kloakkstasjonar:

- Kloakkpumpestasjon Solen er klar til å starta, men må venta til pumpestasjon Åråsvågen er klar. For stasjonen i Åråsvågen er nedste delen klar. Det var utfordringar med at det var djupt og bløytt, måtte støypa ei avlastingsplattform for å ha underlag. Det vert jobba med ein oppdatert framdriftsplan, økonomisk ligg arbeidet innanfor budsjetta.

Hoplandskverna/sagbruk:

- Grunneigarane skal få tid til å avklara ein del ting før ein går vidare med dette arbeidet.

Årås skule:

- Ser no omrisset av korleis det skal verta. Tok kloakken frå tilbygget mot Austrheimhallen heller enn å kopla inn på eksisterande anlegg, for å sleppa å hogga opp golvet. Håpar å få gjort litt meir enn det som låg i anbodet, og pussa opp fleire flater enn det som var sagt.

Kaland skule:

- Det har dukka opp utfordringar enkelte stader der grunnen har sett seg, og ein må utbetra eksisterande vatn og avløp. Ser at det er mykje stein like under golvflatene, og det gjev ekstra

arbeid. Jobbar for å få tatt alle overflater i dei klasseromma der ein jobbar. Har oversikt over usikkerheitsmoment, og ser at den bufferen som er lagt inn kan brukast til meir arbeid. Ser at me får ein mykje finare skule. Kaland 1 skal rivast neste veke, uteplassen vert heilt stengt medan dette pågår. Symjebassengen må evt. ha tilgang rundt bygget på baksida.

Gangfelt Nordlibrekka:

- Fylket har godkjent planane. Skal no i sving med samarbeidsavtale med fylket, straks denne er klar vert prosjektet lyst ut.

Gangveg til Åråfeltet:

- Har sprengt ut for den nedste delen i samband med kloakkpumpestasjon Åråsvågen. Jobbar med utlysing av resten av arbeidet.

Næringsstomt Mongstad:

- Dette er tomta ved rundkjøringa der kommunen skal ta i mot stein frå Statnett i samband med deira utbygging av Lindås transformatorstasjon. Neste som skal gjerast her er få kontrakt med entreprenør.

Bygging av naust Baløy:

- Ventar på kontrakt med leigetakarar før det blir gjort meir, jamfør vedtak i kommunestyret.

Morten Sognnes (H) spurte om Kaland skule: Om økonomien er bra og pengar til overs, kan me då bruka noko på uteområdet, det ser ikkje ut. Kva med å bygga Pumptrack? Rolf Henning Myrmel svara at det ligg opsjon om å gjera noko med uteområdet, men det er utfordringar med masse som er forureina frå ein støttemur. Ønskjer heller å kjøra massane vekk enn å handtera desse på staden med nedgraving. Trur det skal vera massar i området til å bygga amfi. Uteområdet kan gjerast til slutt, medan veggar inne på skulen må ein ta medan ein er i sving. Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug svara at ein løyser ut opsjonane så langt det er mogleg. Elles skal det lagast utomhusplan for skular og barnehagar.

Morten Sognnes (H) spurte om når innbyggjarar på Hjertås kan kopla seg på kloakkpumpestasjonen på Solen. Rolf Henning Myrmel svara at dei kan kopla seg på når kloakkpumpestasjonen i Åråsvågen er sett i gang. I samband med dette ba Helge Dyrkolbotn (KrF) om at det vart sendt ut informasjon til dei som i nær framtid kan knyta seg til vatn og kloakk, slik at dei kan bu seg på utgiftene og planlegga grøfting og anna arbeid. Myrmel svara at dette skal ein informera om.

Mette C. Nordås orienterte om arbeidet med ungjobb/sommarjobb.

- Sjå presentasjonen, som ligg ved møteboka

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at ein gjerne kan bruka AVS for å få kontakt med ungdommane.

Inger Lise Brekke (H) sa at ein må tenka på yrkesskadeforsikring, og viste til at det også er viktig å tenka på heile pakken inkludert transport mellom heimen og arbeidsplassen for ungdommane. Her svara Mette Nordås at ein skal sjå på forsikring, og elles må ein sjå på ulike løysingar for transport, kanskje dette er noko som kan løysast av Jobbmot sine eigne folk.

Inger Lise Brekke (H) sa at det er bra om dei som er brukte som arbeidsleiarar får opplæring og støtte i dette, slik at det kan vera ein ekstra for dei med tanke på CV og erfaring. Nordås svara at dei skal sjå nærmere på dette.

Kommunalsjef helse og velferd Anne Hildegunn Færøy orienterte om tilbodet for Øyeblikkelig Hjelp Døgnopp hold (ØHD).

- Sjå presentasjonen, som ligg ved møteboka.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at han trur dette vert ei bra løysing.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det er bra at ein tar med seg erfaringa frå så langt, og la til at han trur dette vert eit bra tilbod.

Inger Lise Brekke (H) viste til at det er eit lovpålagt tilbod, og kommunen må finna ei løysing. Ser at rus og psykiatri er ei ny gruppe her, kva betyr dette for oss? Anne Hildegunn Færøy svara at det kan

vera personar med psykiske problem, som kanskje treng trygge rammer ei natt. Det kan vera krevjande å ta desse brukarane inn på ein sjukeheim, det er noko av det som skal vurderast. Generelt er det slik at kommunane i Nordhordland er samde om at ein avgrensar likt på kva oppgåver ein kan løysa.

Inger Lise Brekke (H) spurte om kor stor fridom kommunen har til å legga lista sjølv for kva tilbod ein kan gje. Her svara Anne Hildegunn Færøy at ein ventar på Helsedirektoratet for ei klargjering av kva som gjeld.

Inger Lise Brekke (H) spurte om korleis det vert om det er nokon som ikkje har fastlege i Austrheim, eller det er noko som skjer akutt. Her viste Anne Hildegunn Færøy til dei avgrensingane som ligg, om at legevaktsslege ikkje kan legga inn, og heller ikkje spesialisthelsetenesta. Skjer det noko etter kontortid må pasientane leggast inn på sjukehus. Fastlegane kan tilvisa, men det er lege og fagansvarleg ved institusjon som avgjer. Kan seia nei til innlegging på ØHD, sjukehuset kan ikkje seia nei.

Avdelingsleiar plan Asbjørn N. Toft orienterte om presentasjonen som Toft og ordførar Per Lerøy (Ap) hadde for Statsforvaltar Liv Signe Navarsete i samband med dispensasjonssaker frå kommuneplanen.

- Sjå elles presentasjonen, som ligg ved møteboka.

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til at dette hadde vore diskutert i møte mellom statsforvaltar og regionrådet. Navarsete oppmoda til å løysa dette utan setjestatsforvaltar eller departementet involvert. Navarsete ønskte dialog tidleg i prosessane. Ordførarane i Fedje og Austrheim skal saman med kommunedirektørane ta kontakt direkte med statsforvaktar for å løysa konkrete saker. Viste til det som regjeringa har sagt om at det skal vera romslege vurderingar i sone 3. Austrheim er også opptekne av fin og urørt natur, men når eit samrøystes formannskap vil opna for tiltak så må det vera OK. Det skal ikkje vera urimeleg for innbyggjarane når dei søker om å gjennomføra eit tiltak.

Personal- og økonomisjef Odd Harald Dommersnes orienterte om status økonomi.

- Sjå presentasjonen, som ligg ved møteboka
- Går i pluss i 2022, men mindre enn rekna med.
- Med 2,7 avsett til disposisjonsfond etter 2022 er dette fondet oppe i 18 millionar kroner.
- Fekk ikkje noko i skjønstilskot knytt til Korona/Covid, hadde rekna inn 1,5 millionar her.
- Skatteinngangen i desember 2022 var svak, svakare enn same månad i 2021.
- Har fått no ein institusjonsplass i barnevern, det kostar 500.000 i månaden og 6 millionar i året.

Per Lerøy (Ap) sa at det ikkje er heldig at informasjon om institusjonsplass kjem i januar året etter. Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at barnevernet meiner at dei har informert, men det er ingen hjå Austrheim kommune som har registrert dette. Må passa på at dette er noko me får med oss.

Per Lerøy (Ap) sa at dette må vera skriftleg dokumentert når det kjem slike meldingar.

Personal- og økonomisjef Odd Harald Dommersnes sa at det er manglante framdrift i prosjekta, i enkelte tilfelle har administrasjonen bedt om midlar frå kommunestyret men det har ikkje vore framdrift i prosjektet. Kommunen kunne ha lånt midlar på eit seinare tidspunkt.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det blir gjort endringar, prosjekt vert lagt direkte under kommunedirektør. Dette er ei endring som vert gjort i samband med rekruttering av ny kommunalsjef for service og forvalting. Må verda betre på planlegging, evaluering, og gi tilbakemelding på det som ein ikkje klarer å gjennomføra av prosjekt.

Helge Dyrkolbotn sa at det må vera eit samspel mellom administrasjonen og politisk. Politisk må ta ansvar for at ein ikkje kjem opp med for mykje som skal gjennomførast, medan administrasjonen sjå

nøyare på ting før dei kjem opp med hastesaker. Administrasjonen må også vera tydelege om dei ikkje klarer å gjennomføra prosjekt. Dyrkolbotn spurte om ein kan venta med å låna midlane til ein treng dei, og ikkje ta det i samband med at vedtaket er gjort om finansiering.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at desse sakene må ha med kva som er løyvd tidlegare og kva som er budsjettet opp eller ned. Positivt med betre samspel mellom politisk og administrasjonen. Skal vera tydlegare på kva konsekvensar det får om ein skal gjennomføra ulike prosjekt.

Personal- og økonomisjef Odd Harald Dommersnes viste til at det tidlegare er presisert frå revisjonen at dei lånevedtak som er gjort skal følgjast opp. Skal bli nøyare på å sjå an behovet før ein tar opp lønemidlar, kan tæra på det som ein har ståande før ein tar nye løn. Vil låsa investeringskontoar til kun investeringar, på eigen konto.

Inger Lise Brekke (H) etterlyste ein presentasjon til kvart formannskap på status for alle prosjekt. Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug svara at han skal gje formannskapet skriftleg oversikt på ulike prosjekt, og at det er gode føresetnader for å gjennomføra prosjekt i 2023.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om ulike saker:

- Ventar på avtalen frå Alver for drifta av legevaktsamarbeidet. Om saka kjem tidsnok kan den gå direkte til kommunestyret 16. februar.
- Skal rekruttera til kommunalsjef for samfunnsutvikling, for å erstatta kommunalsjef for service og forvalting som sluttar ved utgangen av mars. Vil i samband med dette flytta litt på enkelte oppgåver, i lys av det no er to nye kommunalsjefar i løpet av kort tid, helse og velferd og service og forvalting (vert endra til samfunnsutvikling). Kommunedirektør Fjellhaug skal sjølv ivareta Service og forvaltning medan denne stillinga er vakant frå utkanten av mars og til ny er på plass.
- Har no intervju for sjukepleiarstillingar, tre i talet. Her la Odd Harald Dommersnes til at det er fem tilsette som har fått auka opp til 100 prosent stilling, som har hatt nesten full stilling frå før.
- Flyktingar, her er 11 personar busette i 2023, 5 er tildelte, 4 står att for kvoten på 20 som er sett for 2023. Orienterte om kva aldersgrupper og familiegrupper som så langt er busette i Austrheim. Ser at det er ein del arbeid knytt til flyktingar, og vil lysa ut ei rådgjevarstilling knytt til dette.

Inger Lise Brekke spurte om ny kvote med flyktingar frå Ukraina, Fjellhaug svara at det har ein ikkje fått enno, ventar på svar. Har kapasitet ved skule og barnehage, men er utfordringar med å skaffa bustad. Kommunedirektøren er positiv til å prøva å busetta fleire.

Inger Lise Brekke (H) sa at bustader er utfordringa. Brekke spurte om rådgjevarstilling, skal det vera mellombels eller ikkje? Her svara Fjellhaug at det er 50 prosent stilling som er tenkt som ein treårig prosjektstilling.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om ein kan utfordra AKE eller private til å bygga to/firemannsbustader på rundt 70 kvadrat så snart som mogleg, dette er uansett noko kommunen treng seinare som gjennomgangsbustader.

Kommunedirektør Fjellhaug ba formannskapet om å bestilla ei sak på dette med bustader, slik at administrasjonen kan bestilla frå AKE. Dette er kommunen sitt selskap, som skal brukast til dette. Ser at det er vanskeleg å sikra seg bustad i Austrheim i dag. Høgare utnytting av feltet på Kaland kan gje fleire bustader.

Ordførar Per Lerøy (Ap) hadde framlegg til vedtak om bustadsituasjonen: «Formannskapet ber kommunedirektøren snarast leggja fram ei sak for kommunestyret om bustadsituasjonen i

kommunen. Målet må vera å få etablert fleire eigna bustadar i kommunen»

Ordførar Per Lerøy (Ap) viste til klager på vintervedlikehald og viste også til at det har vore glatt på kommunale vegar i vinter. Kan gjerne skilja på kva som er hovudveg og kva som er stikkvegar av dei kommunale vegane. Framlegg til vedtak: «Det har kome fleire klagar på vintervedlikehaldet på kommunale vegar. Formannskapet ber om at kommunedirektøren kjem med ei orientering om dette i formannskapet 23. februar.»

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg, og ordførar sine framlegg til tilleggsvedtak, vart alle samrøystes vedteke

(Med 4 mot 0 røyster - Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) møtte ikkje

FS vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

Det har kome fleire klagar på vintervedlikehaldet på kommunale vegar. Formannskapet ber om at kommunedirektøren kjem med ei orientering om dette i formannskapet 23. februar.

Formannskapet ber kommunedirektøren snarast leggja fram ei sak for kommunestyret om bustadsituasjonen i kommunen. Målet må vera å få etablert fleire eigna bustadar i kommunen.

Saksopplysninger: